

## Lakseskatt er viktigare enn skatt som sådan

«Lakseskatt er viktigare enn skatt som sådan. Det handlar om prinsippet om korleis vi forvaltar fellesskapets verdier.» sa Helene Ulltveit-Moe, leiar av havbrukskatteutvalet i eit portrettintervju til Bergens Tidende 12. desember 2022.

Lakseskatten vart først lagt i ei skuff av høgreregjeringa, men endeleg fekk ho komme opp av skuffa igjen. Det at Ap og Sp har blitt einige om å innføre grunnrenteskatt på havbruk må applauderast og støttast. For fyrste gong på mange år kan det endeleg verte eit fleirtal på Stortinget for ein naudsynt og på overtid overføring av private formueverdier til offentleg velferd og fordeling. Det er ein moglegheit ein må ta vare på.

Det er sterke motkrefter, og lakselobbyen har jobba hardt gjennom heile vinteren for å hindre denne skatten. Strategien har endra seg, no handlar det ikkje å seie nei til skatten. Sjølv næringa og høgresida veit innerst inne at det er fornuftig å gjennomføre denne skatten. Taktikken no er å så tvil om skatten, gjennomføringa av den, jobbe for så mange endringar i skatten som mogleg, og ikkje minst utsette skatten.

Oppdrettsnæringa må bidra meir til fellesskapet både fordi dei bruker av våre felles havområde og fordi dei påverkar hav- og kystområde som dei ikkje bruker direkte. Som Ulltveit-Moe fortsette: «Viss det var ein privatperson som eide desse fjordane, så ville det ikkje vore akseptabelt at nokon brukte dem utan å ta betalt. Dette burde vore endra for mange år sidan».

Vestland SV er svært positive til i grunnrenteskatt på havbruk. I dag vert store verdier flytta frå fellesskapets ressursgrunnlag til private formuar og til investeringar som verken er berekraftige eller kjem fellesskapet til gode. Ein grunnrenteskatt på havbruk er godt utgreidd i Ulltveit-Moe-utvalet sin rapport frå 2019. Det er også veldig gode grunner for at det nettopp er ein grunnrenteskatt som vert innført. Reint skatteteknisk er grunnrenteskatt ein god skatt fordi den ikkje påverkar lønsemda i prosjekt før og etter skatt. Produksjonsavgift vil derimot påverke lønsemda til prosjekt på ein annan måte enn grunnrenteskatt, og er derfor ikkje det som vert tilrådd.

For SV er det avgjerande at følgjande prinsipp vert lagt til grunn når SV skal forhandle med regjeringa om innrettinga av grunnrenteskatt på havbruk:

1. Næringa må bidra med skatt til fellesskapet minst på det nivået som ligg i regjeringa sitt forslag til grunnrenteskatt, altså sikre minst 3,65-3,8 milliardar kroner årleg. Gjerne meir.
2. Fellesskapet sine inntekter må ikke vere avhengig av at det vert tildelt fleire konsesjonar eller utviding av MTB (maksimalt tillate biomasse).
3. Det bør ligge insentiv i skatten til investeringar i meir miljøvenlege driftsformer som hindrar lusepåslag, samlar opp slam og hindrar rømming.

4. Viss det er mogleg å skilje mellom dei største og dei minste aktørane, bør ein forsøke det. Men viss det fører til skattetilpassing i form av at alle dei store aktørane deler seg opp i mindre einingar, må alle betale lik sats.
5. Skatten bør ikkje oppmuntre til organisatoriske eller rekneskapsmessige tilpassingar for å redusere skatten. Havskatteutvalet tilrår 40 % skatt med utgangspunkt i normpris. Det betyr at inntekter frå laks fastsettast med utgangspunkt i ein pris basert på børspris på laks. Dette har lakselobbyen kritisert mykje. Lakselobbyen vil ha faktisk salspris, fordi ein er bekymra for at marknaden for lange kontraktar vil kollapse, men grunnen til at ein tilrår normpris er fordi det gir mindre moglegheiter for å drive profittoverføring internt i eige konsern, og hindre skattemotivert tilpassing.
6. Utover dette meiner vi at det kan vere aktuelt å sjå den nye skatten i samanheng med den sjablongmessige fastsetting av formues verdi på gamle konsesjonar som har auka skattetrykket på ein del små oppdrettsselskap.